



Mestergruppen Arkitekter AS  
Postboks 1043  
8001 BODØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3708 - 22/15608

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no


Dato:  
23.02.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 89/21 Haugsmyr


**Tiltak:** Fritidsbustad  
**Byggjestad:** Gbnr: 89/21  
**Tiltakshavar:** Torunn Keilegavlen Friis  
**Ansvarleg søkjar:** Mestergruppen Arkitekter AS

Kommunen viser til søknad om endring av godkjend tiltak mottatt 17.02.2022 og telefonsamtalar om saka. Endringa gjeld plassering av fritidsbustad på grunn av feil i kartgrunnet.

Revidert situasjonsplan



Kart som viser endra plassering av bygg



Kor nøyaktig ein eigedomen er registrert i matrikkelen kjem an på kor nøyaktig grensene er. Eigedomen gbnr 89/21 er ein eldre eigedom som er oppretta i 1970 ved skyldskifte. Eigedomen er ikkje oppmålt og grensene som ligg i kartet er å vurdera som usikre. I dette tilfellet har ein også oppdaga at den registrerte eigedomen i matrikkelen ikkje stemmer med grensemerker som er funne i marka.

